
Saknr: 2020/45510-1
Saksbehandlar Bjørg Larsen
Dato: 24.03.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og inkludering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Anleggskonferansen 28.-29. april 2020 er utsett

Med grunnlag i pågåande Korona-pandemi, og i samsvar med helsestyresmaktene sine tilrådingar, har administrasjonane i Vestland idrettskrins og Vestland fylkeskommune bestemt at det er naudsynt å utsetje Anleggskonferansen 2020. Konferansen skulle vere 28. og 29. april på Voss.

Det er ønskjeleg å arrangere Anleggskonferansen til hausten, og fylkesdirektør kjem tilbake med ny dato så snart den er på plass.